



Månadsbrev juni 2020

Ekskursjonen til Dorgefoss for mellomtrinnet vart blåsande, men alle lærte noko nytt om lokal historie, og var svært nøgde med turen. Innskriving gjekk fint, og det er tre ivrige barn som er klar for første klasse til hausten. 10. klasse var vel nøgde med første del av avslutningsturen sin, som gjekk til Prekestolen, Oljemuseet og surfing på Hellestø. Neste del av skuleturen blir i juni neste år. 7. og 9. klasse har vore på Tonstad for å førebu seg til neste skuleår, og fekk informasjon om valfag, omvising og var saman med den nye klassen sin. Onsdag 3. og fredag 5. skal høvesvis 7. og 9. møtast på **Runtleneset** for fleire aktivitetar, og det vert **foreldremøte** på Tonstad skule torsdag 4. juni. Elles held me same koronareglar med handvask og litt avstand.



Juni byrjar med **Sommarles 2020**, og alle har fått informasjon av Anne Grethe i dag. Lærarar (2.) og 6.-klasseelevar (3.) skal ha kurs i **Super:Bit** og programmering, og Sirdalsskulen får utstyr for kr. 20 000 etterpå. Torsdag 4. juni arrangerer skulen **sykkeldag** for 1.-4. og 5.-7. klasse frå kl. 10.35 og utover, men før det får dei seg ei stor overrasking med hjelp av Nordic steel kl. 09.35! Alle er hjarteleg velkomne til å få med seg overraskinga denne dagen!

Fredag 5. juni vert det **skulefotografering** for 1., 7. og 10. klasse, og tysdag 9. skal 6.-klassefadrane besøkja fadderungane i **barnehagen**. 8. og 10. klasse skal ha **årsprøvar** i engelsk 9. juni, norsk hovudmål og sidemål 10. og 11. juni og matematikk 12. juni, før dei reiser på **avslutningstur** saman med Wenche til stølen hennar 15.-16. juni. Det kan vera det blir ein dagstur for friluftslivselevane saman med SNO (Statens naturoppsyn) same måndag. Mellomtrinnet arrangerer **sommar-avslutningar** med foreldremøte og val til FAU klassevis, så følg med på vekeplanen, medan småskuletrinnet kanskje slår seg saman. Onsdag 17. er det **onsdagsskule** og **avslutningsfest** for 10. klasse, og så vert **siste skuledag** på skulen med aktivitetar og volleyballkamp mellom elevar og lærarar torsdag 18. juni.

Nå er det endeleg! Klagene på avslag om fritt skuleval er avslått av fylkesmannen. Me kjem til å sakna elevane og ungdomstrinnet! Avtalen med hotellet for barnetrinnet er under arbeid, så der veit me ikkje noko konkret endå, men planen er å nytta konferansedelen mot Fidjeland.

EIN STRÅLANDE SOMMAR til små og store!

Sinnes 02.06.20, *Ase-Berit* (rektor)

